

**Styremøte i Valdresmusea AS****2022:3**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Fredag 4. november 2022

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Odd Arne Klemmetsrud, Arne Erik Fønhus, Kristin Gulbrandsen.

Til stades frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Andre: Ole Jonny Kalstad, Takst Innlandet, og Ole Petter Hansæl, EnergiPluss.

**Sak 7/2022: Taksaka**

I sak 6/2022 bad styret administrasjonen legge fram forslag til tiltak basert på anbefalingane frå Takst Innlandet, samt avklare med Lund Hagem Arkitekter og Innlandet fylkeskommune moglegheitene for alternativ takløysing. Vedlagt følgjer ei saksutgreiing med forslag til tiltak, kalkyle og finansieringsplan.

**Vedtak:**

*Styret vedtek at det blir søkt statleg, fylkeskommunal, kommunal og anna finansiering for desse tiltaka:*

<i>Tilpassing ventilasjonsanlegg</i>	<i>kr 150 000</i>
<i>Etablering av isvatnsbatteri</i>	<i>kr 150 000</i>
<i>Arbeid ventilasjon</i>	<i>kr 20 000</i>
<i>Fullskala rehabilitering av Velkomstbygget (eks. mva)</i>	<i>kr 3 225 000</i>
<i>Solcelleanlegg (eks. mva)</i>	<i>kr 1 670 541</i>
<i>Sum, total</i>	<i>kr 5 215 541</i>

*Styreleiar og direktør held styret og kommunane orienterte om prosessen.*

*Søknad kan omfatte tiltak på Administrasjonsbygget.*

**Sak 8/2022: Økonomirapport**

Rekneskapen viser pr. 30. september eit driftsresultat på kr. 514 769,47. Denne reserven er vesentleg mindre enn for tilsvarende periode tidlegare år. Året vil ikkje gje eit stort regnskapsoverskott, men heller ikkje underskott. Sjå vedlagt rekneskapsrapport.

**Vedtak:**

*Styret tek økonomirapporten til orientering.*